



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

## Uttale - Alver - 322/69 - Mjåtveit - riving rubbhall - planering av eigedom

Vi viser til brev datert 12.01.2023. Saka gjeld løyve til riving av rubbhall, masseutskifting og planering. Det er vurdert at det ikkje er naudsynt med dispensasjon i saka.

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka (plan-id: 1256 2006 0002) er definert som industribygg, og innanfor det som i reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka (plan-id: 125619780310) er definert som industri/lager.

Området ligg i nedbørsfeltet for kritisk trua elvemusling i Mjåtveitelva. Elvemuslingen i Mjåtveitelva vart nyleg funne igjen i et område i elva ikkje langt unna tiltaksområde (sjå kart side 11 i [RB-rapport 3556](#)). Bestanden av elvemusling er av ein slik størrelse at viss ein gjer tiltak som hindrar negativ påverknad frå tiltak i nedbørsfeltet, kan bestanden bergast. Det er òg vurdert å auke bestanden med stammusling. Elvemuslingen brukar laksefisk som vert i deler av livssyklusen. Avrenning av finpartikulært materiale kan nedslamme gyte- og oppvekstområde for fisk, noko som er særskild negativ i den perioden det ligg immobile stadium av egg og yngel grus (oktober-mai).

I løyvet er det satt vilkår om grenseverdi for mengd partiklar i vatnet på 2 FTU. Når det skal utførast anleggsarbeid skal det takast minimum to prøver i veka. Ved turbiditet over 2 FTU må det gjerast grep for å betre vasskvaliteten. Det er ikkje beskrive kva tiltak som skal iverksetjast ved store mengder partiklar, utover å ta kontakt med kommunen ved høge verdier. Eventuelle avbøtande tiltak i anleggsfasen, for å hindre avrenning av finpartikulært materiale til vassdraget, er ikkje omtalt. Grenseverdien som er satt kan vere skadeleg for elvemusling. Ein bør ha ein plan for avbøtande tiltak som hindrar avrenning i anleggsfasen, særleg i periodar med store nedbørsmengder. Det har vore fleire episodar med avrenning til vassdraget frå ulike område/tiltak, sjølv om det allereie har vore fordrøyningsbasseng/fangdam for å hindre avrenning. Eventuelle tiltak bør vere under oppsyn for å hindre situasjonar som fører til avrenning.

Vi minner om plikt til å unngå forureining i forureiningslova § 7, og aktsemdplikta i naturmangfaldlova i § 6.



Vi forstår det slik at reguleringsplanane for området ikkje omtalar eller sikrar omsyn til elvemusling i Mjåtveitelva. Vi meiner det er bra at kommunen då har satt vilkår i vedtaket for å følgje opp dette. Vi er likevel uroa for om dette vilkåret er nok for å hindre skadeleg avrenning.

Vi minner også om at kommunen skal, når tiltak ikkje er satt i verk seinast ti år etter vedtatt plan, sjå til at planen i nødvendig grad er oppdatert jf. plan- og bygningslova § 12-4 femte ledd.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*